

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 024, FE - 002	15/781

Saknr	Utval	Type	Dato
098/2015	Formannskapet	PS	29.09.2015
091/2015	Kommunestyret	PS	28.10.2015

Kommunikasjonsplan - Nordhordlandsalternativet/kommunereform

Vedlegg:

Kommunikasjonspl

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til forslaget til kommunikasjonsplan for prosjektet kommunestruktur i Nordhordland. Kommunestyret ser det som viktig at kommunen har ein aktiv informasjon til innbyggjarane og aktuelle målgrupper. Det er difor viktig at kap. 5 som går på tiltak vert oppdatert fortløpande.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Som eit ledd i arbeidet med kommunereformprosessen har forhandlingsutvalet i alternativet Nordhordland utarbeidd ein kommunikasjonsplan. Forhandlingsutvalet legg vekt på at prosessen skal vera open og at den skal leggja til rette for ein god og opplyst samfunnsdebatt. Kommunane skal jobba for å nå alle berørte partar med relevant informasjon, og tilpassa informasjonen og kommunikasjonen til dei aktuelle målgruppene. I tiltaksdelen er der skilt mellom kva som skjer regionalt og i den enkelte kommune. Kvar enkelt kommune har ansvar for å halda sine innbyggjarar og tilsette orientert om prosjektet. Forhandlingsutvalet understrekar at det er viktig at kvar kommune har eit aktivt eigarskap til kommunikasjonsplanen og oppfølging av planen. Utvalet ber den enkelte kommune gå gjennom den oppsette tiltakslista og sjå på kva som er naturleg å gjennomføra, og eventuelt koma med andre forslag. Det skal leggast til rette for innbyggjarmedverknad og innverknad. Informasjon skal aktivt delast og det skal leggast til rette for fysiske møteplassar og elektroniske kanalar der innbyggjarane kan fremja sine synspunkt.

Fakta

sjå vedlegg og framlegg til kommunikasjonsplan.

Konklusjon

Masfjorden kommune sluttar seg til forslaget til kommunikasjonsplan for prosjektet kommunestruktur i Nordhordland. Kommunestyret ser det som viktig at kommunen har ein aktiv informasjon til innbyggjarane og aktuelle målgrupper. Det er difor viktig at kap. 5 som går på tiltak vert oppdatert fortløpande.

Formannskapet - 098/2015

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til forslaget til kommunikasjonsplan for prosjektet kommunestruktur i Nordhordland. Kommunestyret ser det som viktig at kommunen har ein aktiv informasjon til innbyggjarane og aktuelle målgrupper. Det er difor viktig at kap. 5 som går på tiltak vert oppdatert fortløpande.

Kommunestyret - 091/2015

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til forslaget til kommunikasjonsplan for prosjektet kommunestruktur i Nordhordland. Kommunestyret ser det som viktig at kommunen har ein aktiv informasjon til innbyggjarane og aktuelle målgrupper. Det er difor viktig at kap. 5 som går på tiltak vert oppdatert

fortløpande.